

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy

Emne: Vatsbering

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Ein bar vatnet med børtre og to bøtter. So lenge ein veit har det vore berre ei type børtre her. Det var og er desse med uthola opning for halsen midt på treet - (åket). Folk som liver no veit ikkje av anna enn jarnlenke og jarkroker. Namn på dei einskilde dele elles kann ikkje gjevas. Å bere vatn i trebøtter kan ein vel ikkje segje er heilt slutt enno. Det er no døme på at det vert gjort, sjølv om ein må segje at det for det meste er slutt.
- 2) Å bere vatn i kar som det var øyrer på slikat ein stakk stakk ein stav (stong) gjennom, og som det måtte vere to for å bere, veit ein ikkje av. Å leggje noko i vatnet for å hindre at det skvalpa, er vel kjendt, då ein enno kan sjå det er brukt t.d. i spanner som dei ber frå setra o.l. stader.
- 3) Å sette vatskaret på ski og skuva det framanfor seg veit ein ikkje av her.
- 4) Dei som bar vatnet kunne vere kanskje ein gong kvar av dei ymse huslyds medlemmer. Men var det t.d. til store fjøser, var det vel helst dei mannlege medlemmer av huslyden eller do. tenarar.
5. Dei nemnde måtar: å bere vatn går vel meir og meir av bruk; men sin ser det no enno - og då helst på dei

mindre bruk.

6) Køyring med slede eller vogn er ikkje vanleg, men var
~~brukt~~
då so seint som i den siste kaldebolk (etter-juls-vinteren 1947), då vatsleidingane fraus.

7) No er det då i stor mun innlagt springvatn i både fjøs og kjøkken, so bering eller køyring av vatn er det - stort sett - berre i frost- og tørkebolkar.

896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Oppskreve etter eiga røynsle.

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væskan skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkeskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjål, flotter, bøk, flæ, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o o ---

Hva som har vært brukt tillegare, ved ein ikkje å seige vroha var no. Sjølv ein lykka med treskiver og løse lokk og knivlar heilt av eink - men gjerne bøk. Og bøkel og (eller) leirkon var dei vanste. Nå er det ikke veldig bra om man har desse skivene og knivene ikkje.

Herad
Uppteiknar

Veøy
Eidie Sandalss

1606